

KOMMISJONSVEDTAK

2003/EØS/23/55

av 15. februar 2000

om fastsetjing av reglar for samanliknande fellesskapsforsøk og -analysar av frø og økslingsmateriale av visse planter som er nemnde i rådsdirektiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 66/403/EØF og 69/208/EØF(*)

[meldt under nummeret K(2000) 370]

(2000/165/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 66/401/EØF av 14. juni 1966 om marknadsføring av frø fra fôrvekster⁽¹⁾, sist endra ved direktiv 98/96/EF⁽²⁾, særleg artikkel 20 nr. 3,

med tilvising til rådsdirektiv 66/402/EØF av 14. juni 1966 om marknadsføring av såkorn⁽³⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 1999/54/EF⁽⁴⁾, særleg artikkel 20 nr. 3,

med tilvising til rådsdirektiv 66/403/EØF av 14. juni 1966 om marknadsføring av settepoteter⁽⁵⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 1999/742/EF⁽⁶⁾, særleg artikkel 14 nr. 4,

med tilvising til rådsdirektiv 69/208/EØF av 30. juni 1969 om marknadsføring av frø fra oljevekster og fibervekster⁽⁷⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 98/96/EF, særleg artikkel 19 nr. 3, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I dei førnemnde direktiva er det fastsett føreseger som er naudsynte for å gjennomføre samanliknande fellesskapsforsøk og -analysar av frø og økslingsmateriale.
- 2) Det er svært viktig å sikre at dei prøvene som vert tekne i samband med forsøka og analysane, er tilstrekkeleg representative, i det minste når det gjeld visse utvalde

planter. For å kunne trekkje dei rette konklusjonane frå dei samanliknande fellesskapsforsøka og -analysane bør medlemsstatane ta del i desse dersom frø og økslingsmateriale av dei førnemnde plantene vanlegvis vert øksla eller marknadsførde på territoriet deira.

- 3) Kommisjonen har ansvaret for å vedta dei føresegnene som er naudsynte for å gjennomføre samanliknande fellesskapsforsøk og -analysar.
- 4) Dei nærmare tekniske reglane for gjennomføring av forsøka og analysane er vortne fastlagde av Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk.
- 5) Dei nærmare reglane for forsøk og analysar omfattar òg m.a. visse skadelege organismar som høyrer inn under verkeområdet til rådsdirektiv 77/93/EØF av 21. desember 1976 om beskyttelsestiltak mot innføring til medlemsstatene av organismer som er skadelige for planter og planteprodukter⁽⁸⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 1999/53/EF⁽⁹⁾ (fellesskapsordninga for plantehelse).
- 6) Det bør i tidsrommet 1999-2001 gjennomførast samanliknande fellesskapsforsøk og -analysar av frø og økslingsmateriale som er hausta i 1999, og det bør fastleggjast allmenne føreseger som skal gjelde for desse forsøka og analysane.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 52 av 25.2.2000, s. 41, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 80/2002 av 25. juni 2002 om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 49 av 3.10.2002, s. 17.

⁽¹⁾ TEF L 125 av 11.7.1966, s. 2298/66.

⁽²⁾ TEF L 25 av 1.2.1999, s. 27.

⁽³⁾ TEF L 125 av 11.7.1966, s. 2309/66.

⁽⁴⁾ TEF L 142 av 5.6.1999, s. 30.

⁽⁵⁾ TEF L 125 av 11.7.1966, s. 2320/66.

⁽⁶⁾ TEF L 297 av 18.11.1999, s. 39.

⁽⁷⁾ TEF L 169 av 10.7.1969, s. 3.

⁽⁸⁾ TEF L 26 av 31.1.1977, s. 20.

⁽⁹⁾ TEF L 142 av 5.6.1999, s. 29.

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Det skal i tidsrommet 1999-2001 gjennomførast samanliknande fellesskapsforsøk og -analysar av frø og økslingsmateriale av dei plantene som er førde opp i vedlegget.

2. Alle medlemsstatane skal ta del i dei samanliknande fellesskapsforsøka og -analysane dersom frø og økslingsmateriale av dei plantene som er førde opp i vedlegget, vanlegvis vert øksla eller marknadsførde på territoriet deira.

Artikkel 2

Dei allmenne føresegnene som skal gjelde for gjennomføringa av dei forsøka og analysane som er nemnde i artikkel 1, er førde opp i vedlegget.

Artikkel 3

Når det gjeld dei granskingane som er nemnde i direktiv 77/93/EØF, skal det organet som er ansvarleg for gjennomføringa av forsøk og analysar på vegner av kontora

til Kommissjonen, på førehand utstyre kvar prøve som vert send inn til laboratorieanalysar, med ein kode. Dersom det er stadfesta at prøver er vortne smitta med nokon av dei aktuelle skadelege organismane, skal Kommissjonen syte for at dei tiltaka som krevst etter fellesskapsordninga for plantehelse, vert gjorde, utan at dette rører ved dei allmenne vilkåra som gjeld for gransking av årsrapportane om stadfesta resultat og ved konklusjonane frå samanliknande fellesskapsforsøk og -analysar.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 15. februar 2000.

For Kommissjonen

David BYRNE

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

Art	Ansvarleg organ	Krav som skal vurderast	Tal på prøver
<i>Gramineae</i>	Bundessortenamt Hannover (D)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk)	230
		Ytre frøkvalitet (laboratorieforsøk)	55
<i>Hordeum</i> <i>Lolium</i> <i>Pisum</i>	Plantedirektoratet Lyngby (DK)	Ytre frøkvalitet (laboratorieforsøk)	342
<i>Triticum aestivum</i>	ENSE Milano (I)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk)	100
		Ytre frøkvalitet (laboratorieforsøk)	100
<i>Zea mays</i>	BFL Wien (A)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk)	80
<i>Solanum tuberosum</i>	DGPC Oeiras (P)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk)	250
		Plantehelse (ringrøte/brunnrøte/pstv) (laboratorieforsøk)	250
<i>Brassica napus</i>	NIAB Cambridge (UK)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Prøvene skal takast både frå vårsåing og haustsåing	120
<i>Gossypium spp.</i>	VRICP Thessaloniki (EL)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk)	60
		Fiberkvalitet (laboratorieforsøk)	60
		Ytre frøkvalitet (laboratorieforsøk)	60
<i>Helianthus annuus</i>	OEVV Madrid (E)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk)	80
<i>Zea mays</i> <i>Helianthus annuus</i> <i>Brassica napus</i>	GNIS/SOC (F)	Elektroforese: <i>Zea mays</i>	32
		<i>Helianthus annuus</i>	36
		<i>Brassica napus</i>	36
<i>Hordum vulgare</i>	DAF (IRL)	Sortsekleik og sortsreinleik	80
		Analytisk frøkvalitet (laboratorieforsøk)	80